

Kunstgrasbanen klar til bruk i ettermiddag.

05.10.2015



Kunstgrasbanen - flott og innbydende.

Det er nok mange som kriblar i fotballbeina for å ta den nye kunstgrasbanen i bruk, og leiar for prosjektet, Odd Steinar Arnesen har følgjande gladmelding å koma med:
- Etter at dekket vart lagt sist veke, har det vore arbeidd både i går og i dag. Kl.17 i ettermiddag kan dei stå klare med ballane, for då trur det skal nærma seg ferdig til prøvebruk.



Representant frå leverandøren og flinke dugnadsfolk.

Arnesen fortel at det i går først vart spreidd 30 tonn sand og så like mykje gummikuler på banen. Dette vart så arbeidd nedi graset ved at dei køyrde etter med slådd/kost. Då eg snakka med han i føremiddag, venta dugnadsgjengen på 30 nye tonn med gummikuler i storsekk. Når desse er spreidd og arbeidd nedi graset, er banen klar til bruk.

Arbeidet desse dagane har også i hovudsak vorte gjort på dugnad. Det har vore ein representant frå leverandøren Sport Surface som har leia arbeidet.

Klokka 17 i ettermiddag reknar altså Odd Steinar med at ein skal vera i mål med arbeidet, og då kan den flotte banen takast i bruk.

- Vi manglar foreløpig mål. Vi ventar på 4 nye mål som er bestilt, men det er fritt fram for å leika seg med ball på banen, seier han og er svært fornøgd med at den no kan takast i bruk. Samstundes rosar han den store dugnadsinnsatsen og den flotte innstillinga til dugnadsfolka.

- Vi må sjølvst ha ein skikkeleg opningsfest av banen seinare, avsluttar han.

Bileta nedanfor viser gangen i arbeidet i dag.



Gummigranulatet kjem i storsekk med trailar.



Jone Rørheim Kjærland lesser gummikulene over i spreieren.



Gummikulene vert spreidd ut.



Marita Kjærland køyrer etter med slådd/kost.



Sigurd og Mathias Børve kører vekk første lass med plastemballasje.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland